

Besteforeldrenes klimaaksjon i Troms er eit lokallag av ein landsomfattande, organisasjon for godt vaksne. Vi er frivillig og er partipolitisk uavhengige.

Då eg vart med for få år sidan, var vi opptatt av klimaet for dei kommande generasjonane. Det har gått forferdeleg fort. Klimakrisa råkar millionar barn med tørke, flaum og svelt *i dag*.

Det står i formålet til Besteforeldreaksjonen at fossil energi må fasast ut raskast mulig. Det er avgjerande for å bremse klimakrisa. Dette kravet blir no stilt av FN-landa i Parisavtalen før klimatoppmøtet, av FN-leiinga og hundretusenar demonstrantar.

Eit WHO-møte denne veka oppsummerte at klimakrisa er ei eintydig helsekrise, som i dag rammar nesten halvparten av verdas befolkning.

<https://www.who.int/news/item/18-09-2023-leaders-spotlight-the-critical-intersection-between-health-and-climate-ahead-of-cop-s-first-ever-health-day>

Vi har tatt namnet «besteforeldreaksjon» ikkje fordi ein personleg må vere bestemor eller bestefar, det handlar om alle barnebarn i verda. Namnet uttrykker generasjonsansvaret vi eldre har for unge og kommande slekter. Kvart utslepp av CO2 blir værande i den felles atmosfæren i generasjonar. Menneska er knytta tett i hop i klimakrisa anten vi vil eller ikkje. Det er eit praktisk ansvar, vi er ein aksjon, vi vil gå saman med andre og informere og oppfordre til handling. Vi har ein stand her ute i gangen, som dokker er velkommen til å besøke.

Det verkar kanskje litt komisk når pensjonistar med røde hattar deler ut løpesetlar på Strandtorget. Men det kan vere det einaste som skaper forandring – alminnelege små menneske som engasjerer seg. Det ideelle foreiningslivet har sterke historiske tradisjonar hos oss. I tuberkulosetida danna oldemødrene våre sanitetsforeiningar overalt på bygdene. Slik bygde dei velferdssamfunnet.

Det heiter også i Besteforeldrenes formålsparagraf at vidare forbruksvekst må erstattast av nøkternhet og ressursparing, og – eg vil legge til – fordeling. Vår generasjon er den som sendte forbruket til vers. Men vi har også ei anna erfaring, vi som vaks opp før oljealderen, då bilane var få, flyreiser uvanlege og shopping ukjent. Klarar vi å hugse det – korleis bruksting gjekk i arv, ein lånte hos naboane, og mykje var heimelaga og lokalprodusert? Forbruket var både mykje lågare, og meir fellesskapsbasert. Då det personlege forbruket auka, kom vi til å sjå ned på denne økonomien som fattigsleg. Er det muleg i dag å styrke fellesskapa i kvardagsøkonomien?

Som Natur og ungdom peika på, blir mange oppgitte når myndigheitane ikkje held avtalar, styrar unna effektiv handling, og utsleppa berre aukar. Ei undersøking viser at mange unge er bekymra og kjenner frykt, sinne og sorg.¹

Eg var på eit seminar i Tromsø i fjor med miljøinteresserte unge folk frå mange land. Då dei tok ordet, kom det fram at den enkelte tok klimakrisa – av alle ting! – på seg sjølv. Kvar kjente seg skyldig og utilstrekkeleg fordi dei ikkje alltid klarte å gjere det rette og ta dei rette valga.. Det var veldig trist.

Vi må ikkje bli likegyldige. Vi må slutte oss saman. Vi kan snakke med dei vi kjenner. Vi kan delta i dei mange organisasjonane for natur og klima. Då blir ansvaret kollektivt. Bekymringa blir ikkje borte, men det er utruleg kor det hjelper på motet.

§ 2 Formål²

¹ «UNG2023» fra Opinion viser: I 2020 svarte 47 prosent at de var mest engasjert i spørsmål om miljøvern og klima. Det sank til 37 prosent i 2021, 31 prosent i 2022 – og der ligger nivået fortsatt i 2023. 42 prosent sier at frykt er det som best beskriver hvordan de føler med hensyn til klimaendringene. 19 prosent føler sinne, 15 prosent føler sorg. 4 prosent føler optimisme. Kun 3 prosent føler den likegyldighet som Unge Høyre-lederen gleder seg sånn over. Halfdan Wiik 10.09.2022.

BJA er en tverrpolitisk organisasjon som setter framtida for barn og unge først. Vi støtter de unge i deres kamp for et levelig miljø på kloden. Den menneskeskapt globale oppvarmingen er en etisk og eksistensiell utfordring, et spørsmål om rettferdighet mellom generasjonene og global solidaritet.

BJA krever at Grunnloven § 112 blir tatt på alvor: «Enhver har rett til et miljø som sikrer helsen, og til en natur der produksjonsevne og mangfold bevares. Naturens ressurser skal disponeres ut fra en langsiktig og allsidig betraktning som ivaretar denne rett også for etterslekten.»

Ansvar

Hans Jonas skriv at ansvar er for det ufullkomne, forgjengelege, for det som har behov, som er usikkert, som vekker ansvarskjensla gjennom berre å eksistere. Ansvaret spring ut av at alt levande er formål i seg sjølv. Ansvar er noko ein har for det som er sårbart og skjørt og kan døy. Det veit ein berre ein ser eit nyfødd barn, at ein ser det pustar, det er nok, seier han.³ Jonas skriv at ansvaret også kan vere gjensidig, som i ein familie eller mellom venner.⁴ Ein ansvarsrelasjon kan også vende om, slik vaksne barn opplever når dei ser at no er det dei som må ta omsorg for foreldra.

Jonas 1991. Han siktar spesielt til ansvaret for generasjonane etter oss. Filosofien hans er framstilt lettfatteleg på norsk av Alfred Fidjestøl, 2004.

Ansvaret i omsorg for andre har nokre typiske trekk: Det er **praktisk, kontinuerleg, ope og dynamisk**.⁵

Jonas understrekar kontinuiteten i ansvaret for andre, med eksempel frå foreldreansvar og statsstyring.

Climate impacts are a threat to human well-being and to ecosystems. The window of opportunity to secure a liveable and sustainable future for all is rapidly closing. Increasing impacts from climate change are being observed, and risks are being compounded and cascading across systems with projections of

³ Jonas 1991 s. 162, 199, 206–207, 212. Sjå også Fidjestøl kap. 5. På dette punktet bryt Jonas med det som har vore ein hovudregel i moralfilosofien, at ein ikkje kan slutte frå at noko «er», til at ein «bør». Kritikken av slutning frå «er» til «bør» går attende til filosofen David Hume. Ein etikk som opnar for å slutte frå «er» til «bør», blir ofte kalla naturalistisk. Sjå for eksempel Nortvedt 2012 for ein diskusjon av det etiske grunnlaget for sjukepleien, og Martinsen 2003.

⁴ Jonas 1991 s. 162. Her skil Jonas seg frå Lévinas.

⁵ Jonas understrekar kontinuiteten i ansvaret for andre, med eksempel frå foreldreansvar og statsstyring.

increased warming. At current global warming levels, losses and damages to human and natural systems have already been observed, including for example damage to infrastructure, reductions in crop production, heat-induced labour productivity losses, losses due to tropical cyclones and losses of species. Every fraction of a degree of temperature increase closer to and beyond 1.5 °C will cause increases in multiple climate hazards and present greater risks to human systems and ecosystems. Climate impacts are already eroding past development gains and, without adaptation action, will impede the ability to make human development gains. UN